



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 04.12.2017
Tidspunkt: 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Kari Marie Nygard tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183 eller til Hogne Haktorson tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Marie Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Brigt Olav Gåsdal
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 36/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 37/17	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 38/17	Handsaming av revidert notat vedr. konsesjonssak Aldalselva		2016/97
PS 39/17	Vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - ny handsaming		2015/131
PS 40/17	Interimsrevisjonsrapport 2017 for Samnanger kommune		2016/38
PS 41/17	Referatsaker		
RS 21/17	Utvælet sitt kvarter		2014/240
RS 22/17	Melding om endring av revisjonsteam i kommunar		2014/238
RS 23/17	Rekneskapsoversyn kontroll og tilsyn pr. 23.11.17		2016/37
RS 24/17	Invitasjon til NKRF sin kontrollutvalgskonferanse		2014/426
PS 42/17	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 43/17	Eventuelt		

PS 36/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 37/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217

Arkivnr: 2016/97-49

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	38/17	04.12.2017

Handsaming av revidert notat vedr. konsesjonssak Aldalselva

Bakgrunn

I juni 2016 mottok kontrollutvalet ei henvending frå grunneigarar i Aldalselva kraftverk der dei klage på kommunen si handsaminga av konsesjonssaka. Klagen gjaldt både handsaming av spørsmål om habilitet og sakashandsaminga som var gjort.

Kontrollutvalet handsama dette i sitt møte 14.11.16, og gjorde vedtak om at Deloitte skulle gjennomgå saka og utarbeida ein rapport etter gjennomgangen. Grunnlag for gjennomgangen skulle gjerast ut frå følgjande spørsmålsstillingar:

«1. Er regelverk for sakshandsaming og delegasjon følgt i samband med anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk ?

- a) Er ankesaka handsama av dei rette politiske organa?*
- b) Har rådmannen handsama ankesaka i tråd med regelverket?*

2. Er regelverket for habilitet følgt i samband med anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk?

- a) Blei kommunen sine rutinar knytt til vurdering av habilitet i politiske møte følgt i samband med denne saka?*
- b) Kva blei gjort for å sikre at dei som handsama saka var habile til å gjere dette?*
- c) Er det døme på at enkeltpersonar som var involvert i handsaming av ankesaka ikkje var habile til å handsame saka?»*

Rapport etter gjennomgangen vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 02.05.2017. Kontrollutvalet gjorde då vedtak om å sende rapporten over til kommunestyret med slik innstilling:

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i notat frå Deloitte datert 18.04.17, herunder at det vert peika på svikt i forhold til kommunen sitt eige delegasjonsreglement, feil sakshandsamingsinstans og sannsynlegvis ei manglande habilitetsvurdering.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i notatet ber kommunestyret om at rådmann utarbeider utkast til rutinar for korleis habilitet skal vurderast eller varslast, gjeldande både politikarar og tilsette.
3. Etter at kurs i habilitet er gjennomført i kommunestyret i mai, bør ein vurdera om det er naudsynt med eit liknande kurs også på eit seinare tidspunkt.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

I kommunestyremøte 11.05.17 vart kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

I etterkant av handsaming av denne saka i kontrollutvalet og kommunestyret i mai 2017 kom det inn klage på nytt frå grunneigarane i Aldalselva kraftverk, til Samnanger kommune. Klagen peikar på at rapporten innehold feil, særleg vert det peika på at habilitetsspørsmålet ikkje er tilstrekkeleg avklara. Klagen vart sendt over til kontrollutvalet, som tok saka opp på nytt i møte 03.10.17. I saksframlegget blei det peika på at klagerett i forvaltingssaker berre gjeld for enkeltvedtak, og at det ikkje er eit enkeltvedtak som er fatta i denne saka. Det var såleis opp til kontrollutvalet om ein ville ta saka opp til ny handsaming eller ikkje.

Følgjande står i protokollen til kontrollutvalet frå møte 03.10.17:

«Handsaming i møtet:

Utvalsleiar innleia med å gjennomgå bakgrunn for saka. Det vart peika på at vedtak som tidlegare er fatta (KS-015/2017), ikkje er enkeltvedtak, og at det dermed formelt sett ikkje er klageadgang. Kontrollutvalet konkluderte likevel med at ein ville sjå på saka på nytt.

Det vart drøfta kva moment i saka ein bør vurdera på nytt. Om ein skal gå vidare og sjå på habilitetsspørsmålet for einskildpersonar vart drøfta. Vidare vart det peika på at døme på habilitetsvurderingar som kjem fram i rapporten frå Deloitte inneheld feil.

Konklusjonen vart at kontrollutvalet ikkje vil gå vidare med å sjå på habilitetsspørsmålet for einskildpersonar. Ein vil heller be om å få retta opp dei opplysningane som kom fram i rapporten vedr. habilitetsvurdering. Kontrollutvalet meiner at revisor sine vurderingar i rapporten innehold gode råd om tiltak som det bør setjast fokus på når habilitetsspørsmål kjem opp. Det vart også peika på at det er viktig at kvar einskild både tilsette og politikarar har eit eige ansvar for å ta opp habilitets-spørsmål, og at dette må setjast meir på dagsorden.

Kontrollutvalsleiar sette fram forslag til vedtak, og forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at grunneigarane i Aldalselva kraftverk har klagerett på vedtaket som kommunestyret gjorde i KS-015/2017, då dette ikkje var eit einskildvedtak etter forvaltingslova.
2. Klagen dagsett 01.06.17 inneheld moment som gjer at kontrollutvalet likevel vil vurdera påstandane som er fremja.
3. Kontrollutvalet ber Deloitte retta opp opplysningane som er kome fram i tidlegare rapport om habilitet.»

Deloitte har nå lagt fram eit revidert notat vedr. konsesjonssak for Aldalselva. Notatet er motteke hjå sekretariatet 27.11.17. Notatet ligg som vedlegg til denne saka. Notatet er i hovudtrekk det same som vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 02.05.17 og i kommunestyret 11.05.17. Deloitte skriv i notatet:

«På grunn av faktafeil i notatet har Deloitte med dette utarbeidd ei rvidert utgåve av notatet der feil er retta opp. Vi har vidare lagt til informasjon knytt til møte i formannskapet 1.9.2016.»

Drøfting

Sekretariatet har gjennomgått det reviderte notatet og vil trekka fram dei endringane som er gjort:

1. Nede på side 2 i notatet er teke med ei presisering om kva § 33 i kommunelova omhandlar – korleis folkevalde organ fattar vedtak.
2. Midt på side 6 i notatet er teke inn eit nytt avsnitt om Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret.
3. På side 7 og 8 i notatet er heile avsnittet om «Habilitetsvurderingar i saka om Aldalselva kraftverk» omarbeida noko og delvis ny tekst. Habilitetsspørsmålet er her gjort greie for på nytt, og Deloitte har i tillegg laga ein skjematisk oversikt over habilitetsvurderingane i saka.
4. På side 8 og 9 i notatet er «Revisjonen sine vurderingar» også noko omarbeidd og og nye presiseringar / vurdering rå revisor er gjeve.

Frå desse vurderingane har sekretariatet særleg merka seg:

- Reglement for sakshandsaming og delegering ser i første omgang ikkje ut til å vera følgt, ut frå at det er rådmann som har sendt anke knytt til konsesjonssak, og at det i delegasjonsreglementet står at dette skal handsamast av kommunestyret
- Kommunen må sikra seg at protokollane frå kommunestyremøta i framtida blir korrekte slik at det er eintydig i kva grad det faktisk blei røysta og fatta eit vedtak.
- I kommunestyremøte 12.05.16 ser det ut til at det blir gitt ein instruksjon til rådmann utan at det har blitt fatta eit formelt vedtak. Dersom kommunestyret ville gje slik instruks til rådmann, burde det vere fatta eit formelt vedtak med røysting i samsvar med kommunelova § 33, og gjennomført habilitetsvurderingar i samsvar med kommunelova § 40.
- Revisjonen presiserer og at ein ikkje automatisk kan konkludera med at representantar som er vurderte habile eller inhabile i samband med handsaming av ei sak, også vil ha same status i høve til habilitet i eit påfølgande møte, der same sak blir handsama.

Dette vil, etter sekretariatet sitt syn, vera dei viktigaste punkta å setja fokus på etter gjennomgangen av saka og etter at Deloitte har revidert og rette opp sine vurderingar.

Konklusjon

Saka vert såleis lagt fram på nytt for kontrollutvalet, og som vedlegg følgjer «Revidert notat vedr. kosesjonssak – Samnanger kommune», datert 27.11.17.

Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet sender sak med revidert notat over til kommunestyret. Kontrollutvalet bør også gje ei innstilling til kommunestyret det ein peikar på dei viktigaste vurderingane som revisor har kome med etter gjennomgangen av saka. Sekretariatet gjer framlegg om slik innstilling:

Forslag til innstilling

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i revidert notat frå Deloitte datert 27.11.17.
2. Kommunestyret har særleg merka seg at det skal vera fokus på:
 - At reglement for sakshandsaming og delegering vert følgt i alle saker.
 - At protokollar frå kommunestyremøta vert korrekte med omsyn til å visa tydeleg kva vedtak som vart røysta over og korleis det faktisk vart røysta.
 - At det vert rutine for at habilitetsvurderingar blir gjennomført i saker der dette er naudsynt.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygård
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Revidert notat vedr. kosesjonssak – Samnanger kommune, datert 27.11.17.

Samnanger kommune
v/kontrollutvalet

27.11.2017

REVIDERT NOTAT VEDR. KONSESJONSSAK – SAMANANGER KOMMUNE

Deloitte utarbeidde i samsvar med prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet (datert 6.12.2016) eit notat om konsesjonssak knytt til Aldalselva kraftverk i Samnanger kommune i april 2017 (datert 14.2.2017). På grunn av faktafeil i notatet har Deloitte med dette utarbeidd ei revidert utgåve av notatet der feil er retta opp. Vi har vidare lagt til informasjon knytt til møte i formannskapet 1.9.2016.

Føremålet med oppdraget har vore å vurdere Samnanger kommune si handtering av anke i samband med konsesjonssak for Aldalselva kraftverk i 2016.

Oppdraget har hatt følgjande problemstillingar:

1. Er regelverk for sakshandsaming og delegasjon følgt i samband med anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk ?
 - a) Er ankesaka handsama av dei rette politiske organa?
 - b) Har rådmannen handsama ankesaka i tråd med regelverket?
2. Er regelverket for habilitet følgt i samband med anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk?
 - a) Blei kommunen sine rutinar knytt til vurdering av habilitet i politiske møte følgt i samband med denne saka?
 - b) Kva blei gjort for å sikre at dei som handsama saka var habile til å gjere dette?
 - c) Er det døme på at enkeltpersonar som var involvert i handsaming av ankesaka ikkje var habile til å handsame saka?

METODE

Revisjonen har gjennomgått aktuell dokumentasjon knytt til kommunen si handtering av konsesjonssaka i 2016 og vurdert denne opp mot relevant regelverk.

Revisjonen har intervjuat tidlegare rådmann Tone Ramsli og ordførar Knut Harald Frøland. Begge har lest igjennom og godkjent intervjureferata.

Notatet er sendt til rådmannen for verifisering og uttale. Konstituert rådmann ønskja ikkje å gje skriftleg uttale til notatet.

VURDERINGSKRITERIUM

Rådmannen sitt ansvar for saksutgreiing

Kommunelova § 23 omhandlar administrasjonssjefen sine oppgåver og mynde. Her står det at administrasjonssjefen er den øvste leiaren for den samla kommunale administrasjonen, med dei unnatak som følgjer av lov, og innafor dei rammer kommunestyret har fastsett.

Her går det fram at rådmannen skal sørge for at saker som blir lagt fram for folkevalte organ, er forsvarlig utgreidd, og at vedtak blir sett i verk. I same paragraf i kommunelova står det vidare at kommunalt folkevalt organ kan gi administrasjonssjefen mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning, viss ikkje kommunestyret har bestemt noko anna.

Rådmannen sitt delegerte mynde

Delegeringsreglementet i Samnanger kommune omtaler delegering til rådmann i § 10. Der står det følgjande:

«Kommunestyret gjev adm.sjefen mynde til å treffa vedtak i einskildsaker som ikkje har prinsipiell verdi, jamfør kommunelova § 23 punkt 4.

Om kva som er av prinsipiell verdi seier Ot.Prp. Nr. 42 (91-92) m.a. følgjande:
"Hva som er av prinsipiell betydning må fastsettes ikke bare ut fra vedtakets karakter og konsekvenser og ut fra kommunens eller fylkeskommunens størrelse, men også ut fra en vurdering av i hvilken utstrekning de viktige skjønnsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen må anses klarlagt gjennom politiske vedtak, instrukser eller tidligere praksis."

Dersom adm.sjefen er i tvil om ei sak har prinsipiell/politisk karakter, vert spørsmålet om dette å leggja fram for ordføraren.»

I Samnanger kommune sitt delegeringsreglement § 1.1 (1.1.09) går det fram at kommunestyret sjølv tek avgjerd i saker «om konsesjonar eller avtalar om leveransar, bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år eller har mykje å seia for kommunen sin økonomi. Slike saker er likevel delegerte til personal- og økonomiutvalet når verdien det er tale om er lågare enn kr. 1 mill.»

Formannskapet sitt mynde til å treffe hastedvedtak

§ 2.4 i Samnanger kommune sitt delegeringsreglement omhandlar formannskapet sitt mynde til å treffe vedtak i saker som ordinært skulle vore avgjort av kommunestyret, i dei høve det er turvande å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle kommunestyret, jfr. kommunelova § 13 pkt. 1. Her står det at melding om slikt vedtak skal leggjast fram for kommunestyret ved første høve.

Saksbehandlingsreglar for offentlige organ

I kommunelova § 30 nr. 3 står det følgjande om føring av møtebøker:

«Det skal føres møtebok over forhandlingene i alle folkevalgte organer. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv nærmere regler om føring av møtebok.»

Kommunelova omhandlar også fastsetting av møte, sakliste, innkalling og leiing av møte gjennom § 32:

- «1. Møte i folkevalgte organer skal holdes på de tidspunkter som er vedtatt av organet selv, kommunestyret eller fylkestinget, og ellers når organets leder finner det påkrevd eller minst 1/3 av medlemmene krever det.
2. Lederen av folkevalgt organ setter opp sakliste for det enkelte møte. Innkalling til møtet skal sendes organets medlemmer med høvelig varsel, og skal inneholde en oversikt over de saker som skal behandles.
3. Saklisten til møtet og andre dokumenter som ikke er unntatt fra offentlighet, skal være tilgjengelig for allmennheten. Møte i folkevalgte organer skal kunngjøres på hensiktsmessig måte. Dette gjelder også møter som det må antas vil bli helt eller delvis lukket etter § 31. (...)»

Av § 31 i kommunelova går det fram at kvar og ein har rett til å vere til stades i møta i folkevalte organ.

§ 33 om handlar Korleis folkevalte organ fattar vedtak. Her står det følgjande:

«Et folkevalgt organ kan bare treffe vedtak hvis minst halvparten av medlemmene har vært til stede under forhandlingene og avgitt stemme i vedkommende sak.»

Reglar for vurdering av habilitet

Kommunelova § 40 punkt 3 omhandlar reglar for inhabilitet. Her står det følgjande:

- «3. Om inhabilitet gjelder reglene i forvaltningsloven kap. II, med følgende særregler:

- a. Inabilitet inntrer ikke ved valg til offentlige tillitsverv eller ved fastsetting av godtgjøring o.l. for slike verv.

- b. Kommunalt og fylkeskommunalt ansatte som i denne egenskap har medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak, skal alltid anses som inhabile når saken behandles i folkevalgt organ. Ved behandling av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regional plan gjelder ikke første punktum.
- c. Ved behandling av klager etter forvaltningsloven § 28 andre ledd er ansatte eller folkevalgte som var med på å treffe det påklagede vedtak, eller som medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for dette, inhabile ved klageinstansens behandling av saken og ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.
Er en overordnet ansatt inhabil i en sak, kan direkte underordnet ansatt ikke delta ved klageinstansens behandling av saken, eller ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.»

Etter forvaltningslova, kapittel II, § 6 første ledd, bokstav a) og e), nr. 2, vil ein folkevalt vere inhabil til å legge til rette for, eller til å treffe ei avgjersle når han sjølv er «*part i saken*», eller når han er leiari eller har ei leiande stilling, eller er medlem av styret for eit selskap som er «*part i saken*». Definisjonen av «*part*» etter forvaltningsloven § 2, første ledd, bokstav e) er ein person (irekna juridisk person som f.eks. eit aksjeselskap) som ei avgjersle «*etter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder*». Definisjonen inneber at ein ikkje vil vere part i saka viss tilknytinga til saka er underordna, indirekte eller tilfeldig.¹ Det må føreligge ei reell tilknyting mellom saka og personen for at ein kan bli vurdert å vere part i saka, og vurderinga av om tilknytinga er så sterkt at ein må bli vurdert å vere part i saka vil avhenge av ei konkret, skjønnsmessig vurdering.²

Det går fram av forvaltningslova § 6 andre ledd jf. kommuneloven § 40, tredje ledd, at ein folkevalt vil vere inhabil når «*andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet*». Føresegna i § 6 andre ledd viser til at det ved habilitetsvurderinga mellom anna skal leggjast vekt på om avgjersla i saka «*kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham [den folkevalte] selv eller noen som han har personlig tilknytning til*». Det følgjer også av forvaltningslova § 6 andre ledd at det som del av habilitetsvurderinga skal vektleggast om ugildhetsinnvending er reist av ein part i saka.

KS har utarbeidd rettleiaren «Habilitet i kommuner og fylkeskommuner» (2011). Her står det følgjande om kven som avgjør habilitet i folkevalte organ:

«I kollegiale organer er det organet selv som avgjør om det enkelte medlemmet er habilt eller inhabilt, jf. § 8 annet ledd. Beslutningen kan ikke delegeres. Det medlemmet habilitetsspørsmålet gjelder kan gi uttrykk for sin oppfatning av spørsmålet og må også kunne uttale seg i saken som part eller liknende. Utover dette kan ikke medlemmet delta i avgjørelsen, verken i drøftingen av eller avstemningen i saken.

Medlemmer av kollegiale organer har plikt til å vurdere sin egen habilitet, og skal i god tid før møtet melde fra om forhold som har betydning for egen habilitet.

Dette er nødvendig for at det skal være tid til å innkalte varamedlem som stedfortreder, jf. § 8 tredje ledd. Varamannen bør «*innkalles til å møte og delta ved avgjørelsen dersom det kan gjøres uten vesentlig tidsspille eller kostnad*».

Oppstår det spørsmål om flere medlemmers habilitet i samme sak, skal de alle avstå fra å delta i habilitetsavgjørelsene. Dette gjelder både for sin egen og andres habilitet og selv om grunnlaget for inhabilitetsproblematikken er helt forskjellig for de respektive enkeltmedlemmene. En forutsetning er imidlertid at organet er vedtaksført. Dersom det i en sak er så mange inhabile medlemmer at det kollegiale organet ikke er vedtaksført, og det ikke er kalt inn varamedlemmer, er det lagt til grunn at samtlige medlemmer likevel skal delta i avgjørelsen av medlemmenes habilitet.

¹ Geir Woxholth: Forvaltningsloven 5. utgave 2011, side 152.

² Ot.prp.nr.50 (2008-2009) s. 28.

DATAGRUNNLAG

Oppsummering av kommunen si handsaming av saka om Aldalselva kraftverk

2012: Kommunestyret gjev uttale i sak om kraftverk i Aldalselva i sak 075/12.

02.05.2016: Oversending frå NVE³ til Samnanger kommune med NVE sitt vedtak om tillatelse til kraftverk i Aldalselva i Samnanger kommune.

12.05.2016: Kommunestyremøte der meldinga frå NVE blei lagt fram som orientering/melding. I møteprotokollen står det følgjande: «*Aldalselva kraftverk – vedtak frå NVE (brev datert 02.05.16) – kommunestyret vart samde om at kommuneadministrasjonen skulle be om å få forlenga klagefristen. I same brev skal ein minna NVE om gjeldande vedtak frå Samnanger kommunestyre sak 075/12.*»

23.05.2016: Møte i valstyret i Samnanger kommune, som er identisk med formannskapet. Protokollen etter dette møtet viser ikkje at konsesjonssaka har vore drøfta her.

24.05.2016: Rådmann sender brev til NVE der kommunen ankar NVE sitt vedtak om å godkjenne kraftverk i Aldalselva. «*Aldalselva kraftverk – anke frå Samnanger kommune på vedtak. NVEs referanse: 201104255-42.*»

02.06.2016: Kommunestyremøte der brev frå rådmann til NVE datert 24.05.16 blir lagt fram under «Oversikt delegerte vedtak / referatsaker som er meldt opp til møtet.».

Frå møteprotokollen går det fram at det kom nokre merknader som er ført under «orienteringar/meldingar»:

«Konsesjon - Aldalselva kraftverk

Øyvind Strømmen (MDG) meinte at dette burde vore oppe som politisk sak.

Vidar Tveiterås (A) lurte på kvifor kommunen har sendt ein anke på konsesjonsvedtaket til NVE og ikkje ein førespurnad om å få utsett klagefrist slik kommunestyrerrepresentantane vart einige om i møtet 12.05.2016.

Tone Ramsli (rådmann) fortalte at administrasjonen saman med ordførar og gjennom kontakt med NVE vurderte det slik at kommunen skulle senda ein klage i staden for å be om utsett klagefrist.

Dette vart representantane i formannskapet orientert om 16.05.2016.⁴ Dei hadde ingen merknader til dette.

Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig) forlanga at klagen vert tilbaketrekt før neste kommunestyremøte. Han understrekte at i følgje delegeringsreglementet til Samnanger kommune er det berre kommunestyret som kan uttala seg i slike saker.»

Vidare viser møteprotokollen at «Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.»

1.9.2016: Formannskapet handsama saka før kommunestyret skulle ta avgjerd seinare i månaden.

29.9.2016: Saka blei tatt opp til ny handsaming i kommunestyret. Revisjonen har fått opplyst at ordførar tilrådde at klagen i konsesjonssake blei trekt, men kommunestyret valte å oppretthalde klagen. Kommunestyret fatta vedtak om dette i sak 66/16.

Sakshandsaming og delegering

Sak om NVE sitt vedtak om å gje konsesjon til kraftverk i Aldalselva våren 2016 blei i første omgang ikkje lagt fram som ei sak til handsaming for kommunestyret, men berre til informasjon under skriv og meldingar. Etter dette blei det sendt ein anke til NVE frå rådmann. Av intervju går det fram at både politisk og administrativ leiing i ettertid har sett at denne anken skulle ha vore handsama i kommunestyret, og at den opphavelege handsaminga av saka var feil og ikkje etter regelverket.

³ Norges vassdrags- og energidirektorat

⁴ Det er mogleg at dato i protokollen er feil. Tilgjengelege møteprotokollar for Samnanger kommune på kommunen sine nettsider viser at første møte i valstyret i 2016 var 23.mai.

Tidlegare rådmann peikar på at ei konsesjonssak sjeldan er å sjå på som kurant. Når framgangsmåten blei slik den blei var det med bakgrunn i at kommunestyret i møte 12.05.2016 ga uttrykk for at dei ønskte at kommunen uttalte seg og at rådmannen la til grunn for uttalen tidlegare vedtak i kommunestyret (Sjå også utdrag frå protokoll over). I Intervju peikar også ordførar på at han i utgangspunktet trudde at saka ikkje trengte ny handsaming i kommunestyret. Ordførar såg etter kvart at saka hadde eit anna omfang enn tidlegare som kravde ny handsaming av kommunestyret.

Tidlegare rådmannen peikar på at årsaka til at delegeringsreglementet ikkje blei følgt i samband med ankesaka heng saman med fleire tilhøve og rådmannen peikar på at ho har gjort greie for dette i brev til NVE datert 21.09.2016. I dette dokumentet viser rådmannen mellom anna til følgjande:

«I arbeidet med brevet til NVE vurderer rådmannen det slik at det er vanskeleg å lage ei skikkeleg saksutgreiing til politisk handsaming i kommunestyret den 23.6.2016 som realistisk vil vera den fristen me vil få dersom me vil få utsett frist. Det vert derfor laga eit utkast til brev til NVE som er formulert som ein klage og der det ikkje vert bedt om utsett frist. Klagen inneheld ikkje nye moment i høve til kommunen sin uttale i høyringsrunden, dvs. at klagen er basert på eit politisk vedtak i kommunestyret. Ordføraren er samd i denne framgangsmåten.

Rådmannen peiker i tillegg på at avvikling av permisjon i administrasjonen gjorde handteringen av saka krevjande. Kommunen hadde på grunn av permisjonsavvikling ikkje personell med tilstrekkeleg erfaring og kompetanse tilgjengeleg til å fange opp betydninga av orienteringa om at NVE hadde gitt konsesjon til Aldalsvassdraget kraftverk. Det blei dermed ikkje fanga opp at NVE i sitt vedtak hadde sett vilkår knytt til konsesjonen som truleg heng saman med og tek omsyn til kommunestyret i Samnanger sitt vedtak i sak 075/12.

At ein nøkkelperson i kommunen var i permisjon gjorde også at rådmannen ikkje blei orientert om saka før ho blei ringt opp av eit kommunestyremedlem som orienterte om saka. Dette bidrog til at kommunen mista tid i høve til å saksutgreie ein eventuell anke til politisk handsaming i formannskap og kommunestyre. Rådmannen peikar vidare på at slike vedtak frå NVE har korte klagefristar, berre tre veker.

Både rådmann og ordførar peikar også på at noko av årsaka til at dei ikkje såg at klagesaka burde ha vore handsama av kommunestyret, var knytt til det at kommunen på tidspunktet saka kom opp var inne i ein svært krevjande prosess i samband med kommunereforma.

Tidlegare rådmann opplyser at medlemmene i formannskapet var samla som valstype 23.5.2016. Dei blei då informert om at det ville gå ein klage på vedtaket og dette blei lest opp for dei. Det var ikkje merknader til uttalen eller til framgangsmåten. At saka blei diskutert i dette møtet blei ikkje protokollert då det formelt var valstyret som var samla.

Summert opp fortel tidlegare rådmann at det var tre årsaker til at klage blei sendt til NVE utan handsaming i kommunestyret, og at saka blei oppfatta som kurant for rådmannen å handtere:

- 1) At det låg føre vedtak frå 2012 knytt til saka
- 2) Det var vanskeleg å gje saka tilstrekkeleg merksemad på grunn av andre store oppgåver og fråvær av nøkkelkompetanse
- 3) Formannskapet blei involvert i vurderinga, sjølv om formannskapet ikkje var formelt sett

Tidlegare rådmann peiker på at saka burde fått ein annan prioritet i ein travel kvardag og at den burde ha vore lagt fram til politisk handsaming i kommunestyret fordi den gjeld eit viktig vassdrag i kommunen, og fordi det var førre kommunestyre med ei anna politisk samansetning som fatta vedtaket i 2012.

I undersøkinga kjem det fram at gjeldande delegeringsreglementet i kommunen er gammalt, dvs. frå 2003. Tidlegare rådmann viser til at det ikkje er enkelt å forstå reglementet og at det er eit mål å gjere det tydelegare. Kommunen har derfor sett ned eit politisk utval som skal gå igjennom reglementet

med tanke på å endre det. Kommunen har vidare kjøpt inn eit elektronisk verktøy frå kommuneforlaget som skal vere til hjelp i arbeidet. Arbeidet er likevel sett på vent fordi kommunen manglar kapasitet i administrasjonen til å følgje det opp. Det blir peika på at arbeidet er omfattande då det er lagt opp til å gå igjennom heile reglementet saman med politikarane.

Tidlegare rådmann opplyser at det i praksis er slik at administrasjonen spør politikarane dersom det er tvilstillfelle i høve til kva oppgåver administrasjonen kan gjere og ikkje. Rådmannen meiner dette fungerer godt og at det ikkje er ofte det er behov for slike avklaringar. Ho peiker på at hovudprinsippet i gjeldande delegeringsreglementet er at kommunestyret har delegert mynde til rådmann og utval så langt lova gjev løyve til dette.

Rutinar knytt til habilitetsvurderingar

Tidlegare rådmann peiker på at habilitetsproblem for administrasjonen i høve til politiske saksutgreiingar nesten aldri er noko problem i Samnanger. Årsaka til dette er at mange av sakshandsamarane inklusive rådmannen bur i andre kommunar og har lite slekt i Samnanger. Slik unngår dei problemstillingar knytt til habilitet. Kommunen har vidare nesten aldri klagesaker som skal handsamast politisk. Dersom ho som rådmann blir inhabil har dei brukt å leie inn personell frå nabokommunar.

Tidlegare rådmann peikar på at når det gjeld politikarane er det dei politiske organa sjølve som bestemmer om politikarar er habile eller ikkje. Rådmannen fortel at det kan variere i kva grad politikarane melder seg inhabile og at dei av og til må gjerast merksame på at dei kan vere inhabile. I ein del tilfelle kan det vere vanskeleg å avgjere om ein politikar er habil eller ikkje, og rådmann og administrasjon prøver å rettleie politikarane etter beste evne i desse spørsmåla. Nokre gonger kan det vere vanskeleg å vurdere habiliteten til representantane når den er knytt til ulike typar interesser dei har.

I Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret⁵ er habilitet omtala på eit overordna nivå. Her står det når eit kommunestyremedlem veit at han/ho er inhabil eller det kan reisast tvil om hans/hennar habilitet, bør han/ho så snart han/ho har fått innkallinga til møtet, melda frå til kommuneadministrasjonen slik at varamedlem kan varslast og kallast inn. Varamedlem skal straks kallast inn når det er grunn til å tru at eit kommunestyremedlem vil bli kjent inhabil. Vidare blir det vist til at det er kommunestyret som tek avgjerd i om eit medlem er habilt eller ikkje og at det alltid skal røystast over habiliteten når dette spørsmålet kjem opp i handsaminga av ei sak.

Revisjonen får opplyst at kommunen ikkje har formulert skriftleg rettleiar eller rutinar for vurdering og handtering av habilitet for folkevalte og tilsette. Det blir vist til at kommunen har etiske retningslinjer men at desse ikkje omtalar habilitet direkte.

Når det gjeld kommunen sine møteinnkallingar står det på desse at «Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.» Tidlegare rådmann opplyser samtidig at politikarane av og til sjølve kallar inn vararepresentantar.

Tidlegare rådmann opplyser at politikarane i samband med folkevaltopplæringa får ei rask innføring i vurdering av habilitet, men ikkje nokon grundig gjennomgang. Ordfører meiner at kommunestyret kan ha nytte av kurs knytt til habilitetsvurderingar.

Revisjonen får vidare opplyst at kommunen ikkje har formulert ei rutine som omtaler kor politikarar kan vende seg for å få drøfta eller få hjelp til å få avklara eigen habilitet om dei skulle vere i tvil om denne. Ordførar peikar på at det ofte kunne ha blitt gjennomført eit betre vurderingsarbeid i forkant av dei politiske møta når det gjeld habilitetsvurderingar. Han peikar på at det kan vere komplisert å handtere habilitetsvurderingar på bakgrunn av benkeforslag sett fram i møte og meiner at det kanskje

⁵ Samnanger kommune: « Reglement for Kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet. Vedteke av Samnanger kommunestyre 25.09.2013. Ajourført desember 2015.

ikkje har vore nok fokus på å melde inn moglege tilfelle av inhabilitet i forkant av møta. Ordfører peikar samtidig på at det har vore fleire døme på at inhabilitetsspørsmål har blitt meldt inn før politiske møte, og at administrasjonen i uklare tilfelle då har undersøkt med juridisk ekspertise korleis sakene skal vurderast. Ordfører meiner at dette er ein praksis som fungerer godt. Tidlegare rådmann meiner det er sjeldan at administrasjonen i kommunen har fått slike førespurnader frå politikarane.

Habilitetsvurderingar i saka om Aldalselva kraftverk

Når det gjeld kommunestyret si handsaming av anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk, meiner ordførar at regelverket for habilitet, inkludert kommunen sine eigne reglar, har blitt følgt når habilitet har blitt vurdert. Han understrekar samtidig at rutinane knytt til vurdering av habilitet bør bli betre i kommunen. Ordførar opplyser at det ikkje er funne døme på at enkeltpersonar som var involvert i handsaming av ankesaka (Aldalselva kraftverk) ikkje var habile til å handsame saka. Tidlegare rådmann opplyser at ho ikkje har oversikt over kven som har meldt seg ugild på dei ulike møta der konsesjonssaka om Aldalselva har blitt handsama, og ho viser i denne samanhengen til møteprotokollane for oversikt over dette.

Konsesjonssaka om Aldalselva har vore tatt opp i kommunestyret ved fleire høve. I kommunestyret 12. mai 2016 blei saka tatt opp under orientering/meldingssaker. I protokollen frå dette møtet kan det sjå ut som om kommunestyret fatta vedtak i samband med denne saka fordi det står at «*kommunestyret vart samde om at kommuneadministrasjonen skulle be om å få forlenga klagefristen.*⁶ Revisjonen har fått opplyst at kommunestyret ikkje fatta eit formelt vedtak med avrøysting under dette punktet og at det heller ikkje blei gjort habilitetsvurderingar knytt til saka.

Konsesjonssakablei deretter handsama i formannskapet 1.9.2016, i forkant av kommunestyremøte 29.9.2016. Av protokollen frå formannskapsmøtet går det fram at habiliteten til tre personar blei vurdert i samband med handsaminga av saka. Ein person blei vurdert inhabil, medan dei to andre blei vurdert habile.

Kommunestyremøtet 29.9.2016 fatta vedtak knytt til konsesjonssaka for Aldalselva. Av protokollen går det fram at habiliteten til tre kommunestyrerrepresentantar blei vurdert og alle tre blei funne inhabile til å handsame saka.

Av møteprotokollane går det fram at *ein* av dei som blei funne inhabil i møtet 29.9.2016 også var til stades i kommunestyremøtet 12.5.2016 der det ikkje blei gjort habilitetsvurderingar knytt til saka, og i formannskapsmøtet 1. september der vedkomande også blei vurdert inhabil.

Av møteprotokollane går det vidare fram at habiliteten til to personar som blei vurdert habile i formannskapsmøtet 1. september 2016, ikkje blei vurdert på nytt då saka blei handsama i kommunestyremøtet 29. september 2016. Også desse personane var til stades i kommunestyremøtet 12. mai.

Tabellen under viser ei skjematiske oversikt over habilitetsvurderingar som blei gjort i møta nemnt ovanfor.

Tabell 1 Skjematiske oversikt over habilitetsvurderingar i konsesjonssaka om Aldalselva i to kommunestyremøte og eit formannskapsmøte i 2016

Representant	Kommunestyremøte 12. mai 2016	Formannskapsmøte 1. september 2016	Kommunestyremøte 29. september 2016
1	ikke vurdert	vurdert inhabil	vurdert inhabil
2	ikke vurdert	vurdert habile	ikke vurdert
3	ikke vurdert	vurdert habile	ikke vurdert
4	medlem, ikkje til stades	varamedlem, ikkje til stades	vurdert inhabil
5	varamedlem, ikkje til stades	ikkje medlem	vurdert inhabil

⁶ I vedtaket stod det følgjande: «Aldalselva kraftverk – vedtak frå NVE (brev datert 02.05.16) – kommunestyret vart samde om at kommuneadministrasjonen skulle be om å få forlenga klagefristen. I same brev skal ein minna NVE om gjeldande vedtak frå Samnanger kommunestyre sak 075/12.».

REVISJONEN SINE VURDERINGER

Undersøkinga viser at regelverket for sakshandsaming og delegering i første omgang ikkje blei følgt i samband med at rådmannen sendte anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk 24.5.2016. Kommunen sitt delegeringsreglement slår i § 1.1 fast at konsesjonssaker skal handsamast av kommunestyret sjølve.

Sjølv om kommunen sitt delegeringsreglement § 2.4 i samsvar med kommunelova § 13 pkt.1 opnar for at formannskapet i hastesaker kan fatte vedtak på vegne av kommunestyret, blei dette ikkje gjort i denne saka. Saka blei lagt fram for valstyret som består av dei same medlemmene som formannskapet, men det blei ikkje gjennomført eit formelt formannskapsmøte, med innkalling, saksliste og protokoll i samsvar med kommunelova sine krav til politiske møte.

Kommunen har ikkje utarbeidd rutinar for korleis habilitet skal vurderast verken for politikarar eller tilsette. Revisjonen meiner at retningsliner og rutinar for varsling og vurdering av habilitet bør utarbeidast for å gjere tydeleg kva som blir forventa av den enkelte tilsette og av politikarane når det gjeld å vurdere eigen habilitet og melde frå om eventuell inhabilitet eller behov for å få vurdert sin habilitet. I denne samanhengen må det gjerast tydeleg kor den enkelte kan søke råd og rettleiing. Samtidig må det gjerast tydeleg at administrasjonen må varslast tidleg for å kunne rekke å søke nødvendig fagleg rettleiing ved kompliserte habilitetsvurderinger. Revisjonen meiner vidare at tilsette og politikarar må sikrast tilstrekkeleg opplæring knytt til habilitetsvurderinger, og i kva tilfelle det kan vere relevant å gjere ei konkret vurdering av om ein er inhabil eller ikkje.

Undersøkinga viser at det blei meldt om mogleg inhabilitet og gjennomført habilitetsvurderinger i samband med formannskapet si handsaming 1.9.2016 og i kommunestyret si handsaming av konsesjonssaka i møte 29.9.2016, men ikkje i møtet 12.5.2016. Revisjonen meiner at protokollen frå kommunestyremøtet i mai 2016 er misvisande sidan det står at kommunestyret «vart samde» utan at kommunestyret røysta i saka og fatta eit formelt vedtak. Kommunen må difor sikre at protokollane frå kommunestyremøta i framtida blir korrekte slik at det er eintydig i kva grad det faktisk blei røysta og fatta eit vedtak.

Revisjonen stiller også spørsmål ved at det av protokollen frå møtet 12.5.2016 ser ut til at det blir gitt ein instruksjon til rådmann utan at det har blitt fatta eit formelt vedtak. Revisjonen meiner at dersom kommunestyret skal gi instruksjon til rådmannen, må det fattast eit formelt vedtak med røysting i samsvar med kommunelova § 33, og gjennomførast habilitetsvurderinger i samsvar med kommunelova § 40.

Tre kommunestyrerrepresentantar blei vurdert og alle tre⁷ blei funne inhabile til å handsame konsesjonssaka i kommunestyremøtet 29.9.2016. To⁸ av kommunestyremedlemmane som deltok i dette møtet, deltok også i formannskapsmøtet 1.9.2016 og blei av formannskapsmøtet vurdert habile. Habiliteten deira blei ikkje vurdert på nytt av kommunestyret ein knapp månad seinare den 29.9.2016. Revisjonen vil presisere at ein ikkje automatisk kan slutte at representantar som blei vurdert habile eller inhabile i samband med handsaminga av ei sak i eit møte, også vil ha same status i høve til habilitet i eit påfølgande møte der same sak blir handsama utan nærmare undersøkingar. Sjølv om eit politisk organ har gjort habilitetsvurderinger i samband med ei sak, må vurderingane gjerast på nytt av eit eventuelt anna politisk organ som skal handsame saka på eit seinare tidspunkt, sidan det er organet sjølve som fattar beslutning omkring habilitet. Dette vil til dømes gjelde dersom ei sak først har blitt handsama i formannskapet og deretter blir handsama i kommunestyret.

Med venleg helsing
Deloitte AS

⁷ Representant nr 1, 4 og 5 i tabellen

⁸ Representant nr 2 og 3 i tabellen



Stein Ove Songstad
Partner



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217

Arkivnr: 2015/131-22

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	39/17	04.12.2017

Vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - ny handsaming

Bakgrunn

Viser til saksframlegg til møte i kontrollutvalet 03.10.17. Vedtaket som blei gjort i kommunestyret 15.12.16, då «Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020» blei vedteke var referert som bakgrunn for saka. Vidare blei det drøfta kva prosjekt ein skal prioritere å starte forvaltningsrevisjon innan. Rådmann orienterte i møte 03.10.17 om at administrasjonen er i ferd med å starte opp eit internt prosjekt i kommunen som går på reduksjon av sjukefråværet i Samnanger kommune. Sidan dette prosjektet er prioritert på førsteplass i Plan for forvaltningsrevisjon», valte kontrollutvalet å gjera slikt samrøystes vedtak:

1. Val av prosjekt for forvaltningsrevisjon vert utsett til neste møte.
2. Administrasjonen ved rådmann vert beden om å legga fram ei orientering om arbeid som er starta innan dei aktuelle fokusområda.
3. Ut frå slike opplysningar vil kontrollutvalet så vurdera vidare kva prosjekt som peikar seg ut som aktuelt for forvaltningsrevisjon.

Rådmann har sendt svar i tråd med pkt. 2 i vedtaket datert 13.11.17. Svaret frå rådmann ligg som vedlegg til denne saka.

Drøfting

Det er vedteke i kommunestyret 16.11.17 at «Prosjekt for reduksjon av sjukefråværet i Samnanger kommune» skal starte opp. Prosjekt nr. 1 i «Plan for forvaltningsrevisjon» som er «Forvaltningsrevisjon av sjukefråvere og personalforvaltning», vil då ikkje være så aktuelt å starte på noverande tidspunkt.

Kontrollutvalet bør då vurdera eventuelt neste prosjekt ut frå prioritert liste. Prioritert liste i planen er:

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

	Prosjekt	Tema
1	Forvaltningsrevisjon av sjukefråvere og personalforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> • rekruttering • kompetanseplanar • system og rutinar • systematisk førebygging av sjukefråvere • oppfølging av plikter etter IA-avtalen
2	Forvaltningsrevisjon av innkjøp	<ul style="list-style-type: none"> • organisering og kompetanse • rutinar • regeletterleving
3	Forvaltningsrevisjon av spesialundervisning og tilpassa opplæring	<ul style="list-style-type: none"> • tilpassing av den ordinære undervisninga • samhandling mellom PPT og skule • vedtak om spesialundervisning
4	Forvaltningsrevisjon av kvalitetsarbeid og fagleg utvikling innan pleie og omsorg	<ul style="list-style-type: none"> • internkontroll/kvalitetssystem • bruk av teknologi • kompetanseutvikling
5	Forvaltningsrevisjon av økonomistyring	<ul style="list-style-type: none"> • budsjettering • oppfølging • analyse

Det er naturleg å gå vidare til prosjekt som er prioritert som nr. 2 og vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjon av innkjøp. For dette prosjektet er mellom anna desse spørsmålsstillingane reist i den overordna analysen som ligg til grunn for planen:

- Årsmeldinga til kommunen viser at det er utfordrande å etter leve regelverk om offentleg innkjøp
- Det vert stilt spørsmål om det førekjem brot på innkjøpsreglementet. Ulike innkjøp i kommunen er trekt fram, og det vert stilt spørsmål om regelverket for offentlege anskaffingar er brote.
- Dette gjev risiko for at innkjøpsarbeidet vert ineffektivt, og at ein ikkje oppnår så gode vilkår som ein burde.

På bakgrunn av den vedtekne planen og opplysningane som er lagt fram, bør kontrollutvalet drøfte kva prosjekt som skal setjast i bestilling. Sekretariatet ser det som naturleg å gå inn for prosjekt nr. 2 i planen.

Når utvalet har avgjort kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærmare, t.d. ved å formulera problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på, alternativt moment som ein ønsker skal inngå i forvaltningsrevisjonen.

Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål og problemstillingar, samt definering og avgrensing av prosjekt elles. Kontrollutvalet må og drøfta om forslag til prosjektplan skal godkjennast i neste møte, eller om ein vil gje fullmakt til at utvalsleiar i samråd med sekretariat å godkjenne prosjektplanen, slik at ein då kan gjera endeleg bestillinga av forvaltningsrevisjon.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøpsarbeid i Samnanger kommune.
2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evnt. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast innan 12.12.17, og skal godkjennast i neste møte / evt. at utvalsleiar i samråd med sekretariat får fullmat til å godkjenna prosjektplanen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygård
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Svar på partsbrev vedr. vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for Samnanger kommune

**Sekreteriat for kontrollutvalget****Vår referanse:**
15/863/17/10078/4/CH**Arkivkode:**
FE - 033, TI - &17**Dykkar referanse:**
Charlotte Hageberg**Dato:**
13.11.2017**Svar på partsbrev vedr. vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for Samnanger kommune**

Me har satt på agendaen eit prosjekt som me har kalla Nærverårsprosjekt. Me vil offisielt starta da prosjektet 17 Januar. Dette vil vere startskotet for oppstart då me har fyrste møte med NAV arbeidslivssenter denne dagen. Me vil likevel i tida før dette jobba med planar ift kartlegging av behov leiarane i organisasjonen ser for seg dei treng, og ut frå det bilde me ser framover som er naudsynt for å kunna etterleva alle krav og forventningar både politikarar, innbyggjarar og rammebetingelsene set til oss.

Prosjektet skal setja oss og då spesielt leiarane i betre stand til å kunna levera på IA-avtalen. Arbeidsgjevar og medarbeidarar har klåre plikter overfor kvarandre. Som medarbeidar har me og eit ansvar for å gje beskjed tidlig om ein slit i jobben sin. Me som arbeidsgjevar skal leggja til rette så godt me kan og me har ansvar for å utarbeida oppfyljingsplan for den enkelte, dette for å få dei ansatte tilbake på jobb så fort som råd er.

Prosjekteigar er rådmann og prosjektleiar er HR leder.

Fyljande ting skal inn i prosjektet:

- Klare definert hensikt og mål
- Forankring i toppleiinga, tillitsvalgte og verneombud
- Førebyggjing, medarbeidersamtale
- Tydlege rutiner
- Opplæring i lovar og regler
- Korleis leggja til rette for den enkelte?
- Kompetanseheving
- HMS og Internkontrollopplæring
- Avvikshåndtering og opplæring
- Aktivitetsplan for sykefraværeoppfyljing
 - Fysiske tiltak
 - Psykososiale tiltak
 - Organisatoriske tiltak

Opplæringa vil gå føre seg i ulike fora, men me kjem til å bruka Leiarfomum aktivt kvar månad i tillegg kjem me til å bruka Nav Arbeidslivsenter, eksterne ressursar og eigne interne ressursar. Tillitsvalgte og hovedverneombud vil vere sterkt delaktig i prosessane vidare frå nyttår.

Prosjektleiar vil saman med ulike personar setje saman eit opplærings program knytta til sjukefråver. Dette vil me jobba for at skal vera klart innan møte med Nav arbeidslivssenter 17 Januar.

Me vil og tidleg i året starta eit prosjekt som går på Leiaturvikling. Leiaturvikling har som formål å utvikla individ eller grupper til å kunne utøva meir effektiv leiing. Leiaturvikling er retta mot den enkelte leiar. Her er det sentralt å utvikla:

- kunnskaper og ferdigheter til å leia,
- evnen til å gje retning og setja mål,
- evnen til å utvikla relasjoner
- evnen til kunne utøva endringsleiing og orientera seg i det ytre miljø.

Fokus på leiars sjølvoppfatninger er og sentralt i leiaturvikling; leiars meistringstru, sjølvbevissthet og leiaridentitet.

Håpar dette gav noko svar på kva vi jobbar med i prosjektet som går under pkt 1 i brevet. Eg vil då anbefala at pkt 1 i planen til kontrollutvalget, forvaltningsrevisjon av sjukefråver og personalforvaltning ikkje blir revidert før i 2019, då me truleg då kan få sjå god effekt over prosjektet me no set i gong med. Dåke står sjølvklart heilt fritt til å gjera det endelige valget, og me gler oss uansett til at dåke revidera oss på ulike områder.

Med helsing



Charlotte Hageberg
rådmann



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216

Arkivnr: 2016/38-45

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	40/17	04.12.2017

Interimsrevisjonsrapport 2017 for Samnanger kommune

Bakgrunn

Kontrollutvalet i kommunane har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

Drøfting

Interimsrevisjon kan forklarast slik:

Interimsrevisjon er den revisjonen som vert gjennomført i løpet av året for å kontrollera at dei interne kontrollane fungerar som føresett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innen utvalde område.

Interimsrevisjonsrapporten bygger på overordna revisjonsstrategi / revisjonsplan frå Deloitte, som vart presentert på kontrollutvalet sitt møte 15.05.2017.

I dette møtet vil Deloitte presentera oppsummeringa av dette arbeidet. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskapar vert revidert og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

På bakgrund av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å koma med forslag til fokusområde i årsrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønsker det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva som skal vera med.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Oppsummering av interimsrevisjonsarbeidet ligg som vedlegg til saka, og vil bli presentert i møtet.

Konklusjon

Dersom det ikke kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimsrevisjon 2017 frå Deloitte til orientering.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2017 frå Deloitte til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygård
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Vedlegg:
Oppsummering interimsrevisjon 2017




Oppsummering
interimsrevisjon
2017

Samnanger kommune

Kontrollutvalgsmøte 04.12.17

Risikovurdering Samnanger kommune



Vesentlige risikoforhold

- Risikokartet oppsummerer forhold som krever stor fokus i vår revisjon
- De røde risikoforholdene er tema med høy iboende risiko og store beløp. Iboende risiko vurderes som høy ved
 - Stor grad av skjønn
 - Ikke rutinemessige transaksjoner/vurderinger
 - Komplekse transaksjoner/regler
- Risiko relatert til engangshendelser vil vurderes løpende med hensyn til vesentlighet og revisjonstilnærming

Funn

- Manglende kontroll av lønnsutbetaling av enhetsleder/tilvisningsansvarlig
 - Det sendes ut lønnsfil til hver enhetsleder/tilvisningsansvarlig etter utbetaling av lønn. Ved feil i utbetaling skal det gis tilbakemelding til lønnsavdelingen. Denne kontrollen gjennomføres i varierende grad, og ved flere tilfeller har tilbakemeldingen kun vært muntlig.
 - Vi anbefaler at kontrollen gjennomføres før lønnsutbetaling foretas, slik at enhetsleder/tilvisningsansvarlig faktisk må gjennomføre kontroll hver måned.
- Tilgangskontroll
 - Alle de ni ansatte med full Agresso-tilgang kan legge inn nye kunder og leverandører i systemet.
 - Det er mulig å ta ut logg over hvem som har foretatt endringer i agresso. Dette vil redusere risikoen for at de ansatte går utenfor sine fullmakter og vi anbefaler derfor at en slik rutine innføres.
- Reiseregninger
 - Det er avdekket gjentakende feil ved at det ikke fremkommer navn på passasjerer ved bruk av kjøretøy i tjenesten.
 - Det er også avdekket en reise til Oslo hvor det ikke fremkommer formål med reisen.
- Flere av kommunens rutiner knyttet til regnskapet mangler kontroller. Vi anbefaler at det etableres kontroller og at disse innarbeides i de skriftlige rutinene.

PS 41/17 Referatsaker



Til Kontrollutvalet

UTVALET SITT KVARTER:

Kontrollutvalet ønskjer å ha «utvalet sitt kvarter» som fast post på saklista i sine møter. Dersom det vert teke opp saker som krev nærmare undersøking / innhenting av opplysningar, ber ein om at saka vert meldt inn på førehand til styreleiar og sekretariatet. Ellers kan medlemmane som tek opp saker be om at spørsmålet som vert reist vert undersøkt nærmare til neste møte.

Følgjande spørsmål / saker vart reist i dette møtet:



Til
kontrollutvalet

Bergen 23.11.2017

Melding om endring av revisjonsteam i kommunar.

Det er motteke slik mail fra Deloitte 21.08.17.:

Hei, som vi har formidlet muntlig tidligere planlegger vi en del endringer på partner-manager nivå på kommuneteamene.

Bakgrunnen for dette er at Unni Renate ble partner fra 1.6.2016.

Vi finner det derfor naturlig at hun går inn som partner på noen av kommunene og ut som manager på alle kommunene.

Vi ønsker at Unni Renate overtar som partner på Askøy, Kvam og Samnanger. Vaksdal overtok hun i forbindelse med ny anbudsrende fra 2017.

Nye managere på oppdragene vil være Janne Gunnestad Pedersen, Anne Tine Berge og Espen Hordvik. De har alle god erfaring fra revisjon av kommuner.

CV er vedlegges for alle tre.

Vedlagt følger en oversikt for kommuner med endringer som viser partner og manager på den respektive kommune etter endringer.

2017		
Kommune	Partner	Manager
Askøy	Unni-Renate	Anne-Tine
Fusa	Bjarne	Janne
Kvam	Unni-Renate	Janne
Samnanger	Unni-Renate	Janne
Sund	Bjarne	Anne-Tine
Øygarden	Bjarne	Espen

Skulle det være synspunkter på dette hører vi fra dere.

mvh

Bjarne Ryland

Partner I Audit & Assurance

Deloitte AS

Damsgårdsvegen 135, 5160 Bergen, Norway

Tel/Main +47 55 21 81 00 | Mobile +47 95 03 66 95

bryland@deloitte.no

Dette til orientering til kontrollutvalet.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Nygard
sekretær for kontrollutvalet

REKNESKAPSOVERSYN KONTROLL OG TILSYN PR. 23.11.17

Konto	Konto (T)	Ansvar	Funksjon	Funksjon (T)	Beløp	Budsjett 2017	Avvik (mindreforbruk)
12700	Konsulenttenester	5315	1100	Revisjon	66 160	155 000	-88 840
14290	Betalt mva - komskom	5315	1100	Revisjon	34 790	38 760	
17290	Momsrefusjon drift	5315	1100	Revisjon	-34 790	-38 760	
		5315	1100	Revisjon	66 160	155 000	-88 840
10802	Tapt arbeidsfortenest	5315	1101	Kontrollutval	0	10 000	-10 000
10803	Møtegodtgjering	5315	1101	Kontrollutval	13 770	28 000	-14 230
10990	Arbeidsgjevaravgift	5315	1101	Kontrollutval	1 942	5 358	-3 416
11001	Faglitteratur, tidsskrif	5315	1101	Kontrollutval	400	500	-100
11150	Matvarer	5315	1101	Kontrollutval	1 342	1 500	-159
11400	Kunngjeringar	5315	1101	Kontrollutval	1 174	0	1 174
11501	Kurs/ opplæring	5315	1101	Kontrollutval	0	15 000	-15 000
11600	Skyss- og kostgodtgjer	5315	1101	Kontrollutval	0	5 000	-5 000
11950	Kontingentar	5315	1101	Kontrollutval	1 400	1 300	100
12700	Konsulenttenester	5315	1101	Kontrollutval	31 930	250 201	-218 271
13300	Kjøp frå fylkeskommu	5315	1101	Kontrollutval	108 315	133 000	-24 685
14290	Betalt mva - komskom	5315	1101	Kontrollutval	35 355	89 640	
17290	Momsrefusjon drift	5315	1101	Kontrollutval	-35 355	-89 640	
		5315	1101	Kontrollutval	160 272	449 859	-289 587
		5315			226 432	604 859	-378 427

NKRFs Kontrollutvalgskonferanse

7-8 februar 2018

Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen

Hovedtemaer:

Digitalisering >

Arbeidslivskriminalitet >

Etikk >

Personvern >

Målgruppe

Ledere/medlemmer av kontrollutvalg,
kontrollutvalgssekretærer, revisorer og andre som er
interessert i tilsyn og kontroll i kommunesektoren



Følg konferansen
på Twitter:
#ku18nkrf
www.twitter.com/nkrf





Møteleder: Daglig leder **Rune Tokle**, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

09.00

Registrering og kaffe + noe å bite i / utstilling

10.00

Velkommen

► Daglig leder **Rune Tokle**, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

10.10

Åpning

► Stortingsrepresentant **Karin Andersen** (SV), leder av Stortingets kommunal- og forvaltningskomite



DIGITALISERING

10.40

En tilstandsrapport fra digitaliseringen i kommune-Norge

► **Elin Wikmark Darell**, leder av Værnesregionen IT



11.10

Digitaliseringsstrategi i kommune-Norge

► **Line Richardse**n, avdelingsdirektør for digitalisering i KS



FOTO KS

11.40

Lunsj

12.40

Innovasjonsbyen Bergen

► **Dag Inge Ulstein** (KrF), byråd for finans og innovasjon i Bergen kommune



FOTO STØRMLANDSEN

13.25

Pause / utstilling

13.45

Hvordan kan den etiske standarden som lages for kommunene bistå kommuneledelsen og kontrollutvalgene?

► **Tina Søreide**, professor ved NHH



FOTO SKODVÅN, NHH

14.30

Pause / utstilling

14.50

Kontrollutvalgets rolle i undersøkelsen av byggesaksbehandling i Tjøme kommune

► **Dag Erichsrud** (H), leder av kontrollutvalget i Tjøme kommune



15.40

Pause / utstilling

16.00

|
17.00

Offentlig eierskap i et samfunn i endring

► **Geir Lippestad** (A), byråd for næring og eierskap i Oslo kommune



FOTO STØRMLANDSEN

19.30

Middag



- på vakt for fellesskapets verdier

Torsdag 8. februar

► Møteleder: Daglig leder **Mona Moengen**, Romerike kontrollutvalgssekretariat IKS (Rokus) og leder av NKRFs kontrollutvalgskomite

09.00

Er den nye personopplysningsloven svaret på de teknologiske utfordringene vi møter de neste årene?

► **Bjørn Erik Thon**, direktør i Datatilsynet



10.00

Pause / utstilling

10.20

Kriminelle bygger Norge

► **Einar Haakaas**, journalist og forfatter av boka "Svartmaling. Kriminelle bygger Norge"



11.05

Pause / utstilling

11.25

Etikk i en ny medieverdag

► **Per Arne Kalbakk**, NRKs etikkredaktør



12.15


Omdømme, varsling og kontroll – et skråblikk

► **Harald Stanghelle**, redaktør i Aftenposten



13.00

Lunsj



– på vakt for fellesskapets verdier



NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 7-8 februar 2018

Påmelding

- Påmeldingsfrist: 19. desember 2017.
- Bindende påmelding skal skje via [NKRFs nettsider](#)
- Faktura vil bli tilsendt etter påmeldingsfristens utløp.
- Det tas forbehold om endringer i programmet.

Konferansepriser*

- Kr 6 600 eks. mva. med overnatting (ikke-medlemmer: Kr 7 000)
- Kr 4 930 eks. mva. uten overnatting (ikke-medlemmer: Kr 5 330)
- Kr 1 120 eks. mva. for overnatting m/frokost fra 6. til 7. februar 2018

*) Deltakere fra kontrollutvalg i kommuner/fylkeskommuner hvor sekretærtjenesten ivaretas av virksomheter som er bedriftsmedlem i NKRF, oppnår medlemspris.

Avbestillingsbetingelser

- Avbestilling må skje skriftlig.
- Det vil ved avbestillinger etter påmeldingsfristens utløp kreves et gebyr på kr 500 til dekning av administrasjonsutgifter. Ved avbestilling senere enn en uke før konferansestart belastes 50 % av konferanseavgiften.
- Avbestilling ved legitimert sykdom behandles særskilt.
- Avmelding på konferansedagen, eller ev. uteblivelse, medfører full konferanseavgift.
- Ved hotellreservasjon kommer i tillegg ev. ansvaret overfor hotellet.
- Deltakelse kan ved behov overføres til en annen kollega.

Konferansested

[The Qube - Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen](#)

Forhåndsgodkjenning

11 timer iht. NKRFs krav til etterutdanning.



Norges Kommunerevisorforbund
Postboks 1417 Vika, 0115 Oslo
Telefon 23 23 97 00, post@nkrf.no, www.nkrf.no
www.twitter.com/nkrf (#ku18nkrf)

Velkommen på konferansen!



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033

Arkivnr: 2015/133-14

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	42/17	04.12.2017

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Bakgrunn

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Samnanger kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærmere informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Brigt Olav Gåsdal
Formannskapet	Øystein Foss
Naturutvalet	Svein Verner Røseth

I tråd med fordelinga ber ein om at utvalsmedlemene ser gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 16.11.17
- Formannskapet 19.10.17
- Naturutvalet 10.10.17 og 31.10.17

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 43/17 Eventuelt